

Saksbehandlar: Tor-Einar Holvik Skinlo
Sak nr.: 21/527-1

Digital politikarløysing

Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til gjere slikt vedtak:

1. Politikerane får office 365-lisens som gir kommunal e-postadresse og tilgang til naudsynte digitale arbeidsverktøy. Kostnaden vert dekkja innanfor gjeldande budsjetttramme.
2. Politikerane nyttar eigne mobilar, nettbrett eller datamaskiner til å få tilgang til kommunal e-postadresse, lese sakspapir m.m.

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Ved fleire høve har det i kommunestyret vore etterlyst ei politikarløysing for lesing av saksdokument. Det har også vore stilt spørsmål om ikkje politikarane burde ha tilgang på kommunal e-postadresse. Rådmannen har undersøkt kva type løysingar ein kan etablere som vil kunne gjere arbeidskvardagen til politikarane enklare.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det er ei rekkje program på marknaden som er utvikla som reine politikarløysingar. Desse fungerer ofte som applikasjonar (program) som ein kan nytte på tvers av datamaskin eller nettbrett. Døme på slike løysingar er *ePolitiker* og *Acos politikerportal*. Mange kommunar tilbyr slike løysingar saman med at politikarane får kommunalt nettbrett eller datamaskin.

Rådmannen har ikkje undersøkt desse nærare då dei fleste av desse føreset integrasjonar (koplingar) mot saks- og arkivsystemet til kommunen. Sogndal kommune har i dag eit saks- og arkivsystem som i liten grad støttar denne typen integrasjonar. Rådmannen tek sikte på å ha saks- og arkivsystemet ut på anbod i løpet av 2021. Når dette er klart til bruk, vil ein evt. kunne ta ei ny vurdering av ulike alternativ for digital politikarløysing.

Desse løysingane ville heller ikkje gitt tilgang til kommunal e-postadresse og kostnaden med desse er vesentleg høgare enn den løysinga rådmannen tilrår.

Office 365

Office 365 er ei skybasert abonnementssteneste som samlar dei mest vanlege arbeidsverktøya på ein stad. Denne samlinga av nettbaserte tenester gjer det enklere å samarbeide om dokument. Dette inkluderer tilgang til

tekstbehandling, skylagring og samhandlingstenester. Dette fungerer både på internett, datamaskin, nettbrett og smarttelefon. Rådmannen tilrår at politikarane i kommunen får ei løysing med O365 F3-lisens.

Dette inneberer tilgang til:

- **kommunal e-post** og tilgang til Outlook online
- **Teams** online. Her kan det setjast opp egne team for kommunestyret, politiske grupper og utval. I Teams kan ein legge innlegg som alle ser, føre samtalar med enkelte eller mindre grupper, arrangere digitale møter med fleire rom, dele dokument og samskrive m.m. Kwart parti vil kunne legge til medlemmer som ikkje blir omfatta av denne ordninga via gjestefunksjonen
- individuell lagring i **OneDrive**. Dette gir tilgang til dokument frå nettlesar både på nettbrett, datamaskin og mobil
- felles lagring i **SharePoint**, der ein enkelt kan dele dokument med andre og få oversikt over kven som har tilgang. Teams forenkler dette ytterlegare med ferdige oppsett for delingskontroll
- **Word, PowerPoint og Excel online**
- ulike andre O365-verktøy som Forms, Planner osv. Her kan ein opprette meningsmålingar/spørjeskjema, fordele arbeidsoppgåver og lage prosjektplanar

Med andre ord har ein då tilgang til heile O365-verktøykassa i online utgåve.

Politikarane vil kunne samhandle digitalt internt i parti- og utvalsgrupper og i kommunestyret, og samstundes vera trygg på tilgangsstruktur og sikkerheit. Samstundes vil sakspapira heile tida vere offentleg tilgjengleg via heimesida til kommunen. Eventuelle endringar og etterutsendingar vil framleis skje via saks- og arkivsystemet med påfølgande publisering på heimesida.

Løysinga kan nyttast uavhengig av plattform (datamaskin, nettbrett, mobil eller nettlesar) og rådmannen legg til grunn at alle politikarane har tilgang på utstyr som gjer at dei kan nytte løysinga.

Den tilrådde løysinga er brukarvennleg. Samstundes eksisterer det lett tilgjengeleg opplæringsmateriell, både skriftleg og som videoar. I tillegg kan rådmannen ved IKT-avdelinga organisere opplæring for bruk av løysinga utan ekstra kostnad.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Løysinga med O365 vil vere ei ordning som kan gjennomførast utan store kostnader for kommunen i motsetnad til ei løysing med kommunale datamaskiner eller nettbrett til politikarane.

Lisenskostnader:

Per lisens/mnd	33,- kr per bruker
Per lisens/år	33 x 12 = 396,- kr per bruker
Total kostnad (40 brukarar)	40 x 396 = 15 840,- per år

Det rådmannen si vurdering at denne kostnaden kan dekkast innanfor gjeldande løyving på ansvar 130 kommunalsjef administrasjon.

Tryggleik

O365 loggar ein på med brukarnamn og passord. Ekstra sikkerheit med 2-faktor pålogging kan aktiverast. Ein treng ikkje installere applikasjonar/programvare på datamaskin eller nettbrett. Du når alt innhald i ein nettlesar. Ved oppretting av brukarar blir fornamn og etternamn registrert. Skal ein aktivere sikker pålogging, må mobilnummer og leggst inn. Det blir ikkje registrert fleire personopplysningar i 365-skya. Data som blir lagra i løysinga, ligg i Microsoft sine datasenter i Oslo og Stavanger.

Klima- og miljøkonsekvensar

Rådmannen tek som føresetnad at alle politikarane har eit eller anna verktøy som ein kan nytte. Om ein heller vel ei løysing, som mange kommunar har hatt, med eiga datamaskin vil dette gje eit netto

klimautslepp. Produksjonen av ein gjennomsnittleg bærbar PC svarar til 480 kilo CO2 (kjelde: framtiden.no).

4. Konklusjon

Rådmannen tilrår at politikarane får office 365-lisens som gir kommunal e-postadresse og tilgang til naudsynte digitale arbeidsverktøy samstundes som dei nyttar egne mobilar, nettbrett eller datamaskiner. Dette er ei løysing som vil gjere politikarane sin kvardag noko lettare, samstundes som det er ei gunstig økonomisk løysing som også tek klimaomsyn.